



Kviteseid kommune

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 18.10.2018
Tidspunkt: 18:30 – 22:00

Fylgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerar
Astrid Tveten	Medlem	KRF
Solveig Nekstad Grave	Medlem	AP
Magny Lundeberg	Medlem	AP
Tore Åsland	Medlem	AP
Bjørn Nordskog	Medlem	SP
Tarjei Andreas Draugedal	Varaordførar	KRF
Jon Ingebretsen	Medlem	MDG
Magne Wraa	Medlem	H
Terje Nekstad	Medlem	AP
Tarjei Gjelstad	Ordførar	AP
Halvor Nyland	Medlem	H
Steinar Torsdalen	Medlem	SP
Einar Søreide	Medlem	AP
Jonn Foldøy	Medlem	KRF
Mona Riis	Medlem	AP
Bjørn Håvard Olsen	Medlem	AP
Tone Gulliksen Øy	Medlem	SP
Geir Kjartan Lid	Medlem	AP

Fylgjande medlemmer møte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerar
Anne Birgit Sollid	MEDL	SP
Lars Håkon Didriksen	MEDL	SP
Tor Arne Mælen	MEDL	V

Fylgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerar
Magnus Kvalbein	Tor Arne Mælen	V
Eilev Omland	Anne Birgit Sollid	SP
Jan Rune Bjørnson	Lars Håkon Didriksen	SP

Fylgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Øystein Tveit	Rådmann
Ingunn Haugland	Kommunalsjef, tilstades i sak 52/18
Kjetil Sundsdal	Kommunalsjef, tilstades i sak 52/18

Kommunestyret vedtok samrøystes å handsame sak 60/18.
Ordføraren orienterte om Vest-Telemarkrådet sitt møte med Telemarksbenken på Stortinget.

Innbyggarspørsmål:

Kviteseid kommune,
v/ Ordføreren,
3850 Kviteseid

Spørsmål til spørjetimen!

Eg meiner å hugse at eg i samband med referatet frå møte om gang-og sykkelveg frå Kviteseid sentrum til Kvitsund, las i Varden eller TA at Statens Vegvesen i 2018 ville gå inn for å setje opp ljøs på denne veg-strekninga i løpet av 2018.

Dersom dette vart gjort ville det vera eit svært godt tiltak i trafikksikringa for alle gåande og syklende langs denne vegen.

Mitt spørsmål blir:

Kva skjer i denne saka? Kva har kommunen gjort for å få dette arbeidet i gang?

Takk for svar!

Kviteseid, 09.10.18

Med helsing
Tore Blom Midtsund

Svar til Tore Midtsund 18.10.2018

Det har dei to siste åra vore ein tett og god dialog med Statens vegvesen (SVV) om å finne ei løysing for strekninga Kviteseid krysset – Kvitsund gymnas. Tiltak for denne trekninga ligg ikkje inne i Nasjonal Transportplan (NTP) noko som gjer at ein er avhengig av direkte løyvingar frå Regjering eller omdisponering av SVV sine midlar.

Kommunen har uttrykt ynskje om ein fullverdig GS-veg på strekninga og SVV har sett på alternativ for å bygge den. Kostnaden med ein tre m brei GS-veg på denne strekninga er høg og SVV sin pott til GS-vegar i Telemark er prioritert til tiltak i NTP.

Kommunen saman med SVV har sett på andre tiltak for å få til ein raskare trafikksikring av strekninga. I samråd med SVV har det blitt arbeid med ei løysing med trafikklys og breiare vegskulder.

I budsjettet for 2019 har Regjeringa sett av 3,1 mill. til trafikklys for strekninga. Saman med SVV blir det sett på ei løysing for å finansiere ei brei vegskulderløysing når trafikklysa skal settast opp.

Kommunen har VA-anlegg i grøfta/vegbanen fram til Kvitsund. Alder og belastning frå trafikken gjer at me opplever lekkasjar frå dagens VA-anlegg. Kommunen kan bli med i eit spleiselag for bytte ut VA-anlegg samt bygge breiare vegskulder. SVV er avhengig av ekstra midlar eller omdisponering av andre midlar for å gjennomføre breiskulderprosjektet i tillegg til trafikklys.

Det blir jobba politisk med innspel til forhandlingane rundt statsbudsjettet framover.

Ordførar

Tarjei Gjelstad

Saksliste

Utvals- saksnr.	Innhald	Lukka
FO 5/18	Interpellasjon og spørsmål	
PS 50/18	Godkjenning av protokoll	
PS 51/18	Orienteringssaker	
PS 52/18	Modernisering av Kviteseid skule	
PS 53/18	Kviteseid brygge - sommarsesongen 2019	
PS 54/18	Kommunesamarbeid om kraftsaker	
PS 55/18	Samarbeidsavtale NAV Vest-Telemark	
PS 56/18	Selskapsavtale Sør-Øst 110 IKS	
PS 57/18	Tiltak for auka sykkelbruk i kommunar - 2018	
PS 58/18	Budsjettrevisjon 2.tertial 2018 - drift og investering	
PS 59/18	Evaluering av politisk organisering - 2018 - Framlegg til ny politisk organisering	
PS 60/18	Tilskot til TV-produksjon kring skisporten i Telemark	

FO 5/18 Interpellasjon og spørsmål

Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.10.2018

Behandling i møtet:

Interpellasjon frå Jon Ingebretsen:

Nei til innføring av EU si jernbanepakke IV

Innleiing:

Kviteseid kommune er bekymra for at Noreg skal slutte seg til EU si jernbanepakke IV, og at Stortinget med det seier frå seg retten til å bestemme over norsk jernbanepolitikk i framtida. Eit ja til jernbanepakke IV vil bety anbodstvang på jernbanetrafikken, slik som på annan kollektivtransport.

På grunn av geografi og klima følgjer norsk jernbane strenge sikringsføreskrifter fastsatt av norske samferdselsmyndigheiter. Eit ja til jernbanepakke IV vil gje EU mynde til å fastsetje, og i verste fall svekke dei strenge sikringsføreskriftene ein har i dag.

Sjøl om Kviteseid kommune, slik som mange andre norske kommunar, ikkje har jernbane i sin kommune, betyr jernbane med stasjon og terminal i nærleiken mykje som kollektivt transportmiddel kombinere med bil eller buss til næraste stasjon, samtidig som jernbanen er viktig transportopplegg for distriktets sine varer og ressursar som til dømes tømmer.

Tilråding:

Politisk leiing i samråd med administrasjonen utformar uttale til Samferdselsdepartementet, der Kviteseid kommune bed om at Noreg nyttar reservasjonsretten sin nedfelt i EØS-avtale ved å seie nei til at jernbanepakke IV blir innført i norsk jernbanetraffikk.

Framlegg til vedtak:

Det må vera opp til norske myndigheiter å avgjere om jernbanestrekningar skal leggjast ut på anbod eller ikkje. Å låse fast ein bestemt jernbanepolitikk for framtida er i strid med grunnprinsipp i demokratiet vårt.

Det må fortsatt vera mogleg å stille nasjonale krav til sikkerheit på jernbanen. Med Noregs spesielle klima, geografi og høge utdanningskrav til jernbanepersonell, fryktar ein at overføring av mynde til EU sitt jernbanebyrå, ERA svekkar sikkerheita.

Stortinget må reservere Noreg mot EU si jernbanepakke IV, slik EØS-avtala gjev høve til.

Svar frå ordføraren 18.10.18:

EU jernbanepakke IV består av fem direktiv og forordningar. Direktiv som krev lovendingar må handsamast i Stortinget, medan andre forordningar kan Regjeringa sjølv gjennomføre. Etter planen skal jernbanepakke IV opp i Stortinget denne hausten. Det er ikkje klart kva Regjeringa vil presentere for Stortinget.

EU sine nye direktiv stiller ein del krav til den nasjonale gjennomføringa av jernbanedrifta. Det er bl.a. usikkert om det framleis vil vera nasjonale krav til tryggleik og kontroll med trafikken på norsk jernbane. Det som er sikkert er at eit nytt direktiv vil opne for meir privat konkurranse via anbod og strengare krav til offentleg støtte. Dette kan føre til at mindre lønsame togstrekningar kan få eit dårlegare tilbod sidan Staten subsidierer jernbanetraffikken i områder med lite passasjergrunnlag.

Ordføraren stør interpellanten sin vurdering om at norske myndigheiter sjølve skal avgjere om jernbanestrekningar skal leggast ut på anbod og ikkje bli styrt via eit EU direktiv. Telemark fylkeskommune og andre kommunar i Telemark har ikkje kome med høyringsuttale i denne saka.

Forslag til vedtak:

- Kviteseid kommune meiner det må vera opp til norske myndigheiter å avgjere om jernbanestrekningar skal leggjast ut på anbod eller ikkje.
- Det må fortsatt vera mogleg å stille nasjonale krav til tryggleik og kontroll av jernbanetraffikken.
- Staten kan vera med å finansiere togstrekningar med dårleg lønsemd.

Kviteseid kommune vil vurdere ei høyringsuttale når Regjeringa sitt standpunkt blir kjent med bakgrunn i nemnte kulepunkt. Dette vil bli vurdert opp mot ei eventuell uttale frå Telemark fylkeskommune.

Votering; Ordføraren sin framlegg til vedtak ble vedteke mot ei røyst.

Vedtak:

- Kviteseid kommune meiner det må vera opp til norske myndigheiter å avgjere om jernbanestrekningar skal leggjast ut på anbod eller ikkje.
- Det må fortsatt vera mogleg å stille nasjonale krav til tryggleik og kontroll av jernbanetraffikken.
- Staten kan vera med å finansiere togstrekningar med dårleg lønsemd.

Kviteseid kommune vil vurdere ei høyringsuttale når Regjeringa sitt standpunkt blir kjent med bakgrunn i nemnte kulepunkt. Dette vil bli vurdert opp mot ei eventuell uttale frå Telemark fylkeskommune.

PS 50/18 Godkjenning av protokoll

Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.10.2018

Vedtak:

Protokollen vart samrøystes vedteken.

PS 51/18 Orienteringssaker

Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.10.2018

Behandling i møtet:

Vedtak:

PS 52/18 Modernisering av Kviteseid skule

Rådmannen si tilråding:

Kviteseid kommunestyre vel å gå vidare til neste fase i moderniseringa av Kviteseid skule. Utgifter til midlertidig skule, og inventar finansierast med midlar frå disposisjonsfondet. Utgiftene som kjem i tillegg til midlar satt av i økonomiplanen, vert henta frå disposisjonsfond fram til 2021.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.10.2018

Behandling i møtet:

Jan Rune Bjørnson ba kommunestyret om sin habilitet som lærar på Kviteseid skule. Han vart samrøystes funne gild. Rådmannen si tilråding blei samrøystes vedteken.

Vedtak:

Kviteseid kommunestyre vel å gå vidare til neste fase i moderniseringa av Kviteseid skule. Utgifter til midlertidig skule, og inventar finansierast med midlar frå disposisjonsfondet.

Utgiftene som kjem i tillegg til midlar satt av i økonomiplanen, vert henta frå disposisjonsfond fram til 2021.

PS 53/18 Kviteseid brygge - sommarsesongen 2019

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek forslaget frå administrasjonen om framdrift i arbeidet med å få til aktivitet på Kviteseid brygge.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.10.2018

Behandling i møtet:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek forslaget frå administrasjonen om framdrift i arbeidet med å få til aktivitet på Kviteseid brygge.

PS 54/18 Kommunesamarbeid om kraftsaker

Rådmannen si tilråding:

1. Kviteseid kommune deltek i stifting og etablering av «Kraftkompetanse KO» på dei vilkår som går fram av tilråding frå styringsgruppa for utgreiing av kommunesamarbeidet.
2. Etableringa av «Kraftkompetanse KO» vert gjennomført som eit hovudprosjekt. Hovudprosjektet skal vere ferdig innan 1.04.2019 der alle formelle dokument er utforma slik at kommunestyra/fylkeskommunen kan gjere endelege vedtak om samarbeidsavtale, representantskap m.m.
3. Rådmennene/fylkesrådmannen i dei deltakande kommunane får fullmakt til å organisere eit hovudprosjekt for etablering av «Kraftkompetanse KO». xx kommune skal medverke til finansieringa av hovudprosjektet i høve til sin fastsette eigarandel/deltakaransvar. Rådmannen/fylkesrådmannen får fullmakt til å godkjenne finansieringsplanen for hovudprosjektet.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.10.2018

Behandling i møtet:

Rådmannen si tilråding vart vedteke mot to røyster.

Vedtak:

1. Kviteseid kommune deltek i stifting og etablering av «Kraftkompetanse KO» på dei vilkår som går fram av tilråding frå styringsgruppa for utgreiing av kommunesamarbeidet.
2. Etableringa av «Kraftkompetanse KO» vert gjennomført som eit hovudprosjekt. Hovudprosjektet skal vere ferdig innan 1.04.2019 der alle formelle dokument er utforma slik at kommunestyra/fylkeskommunen kan gjere endelege vedtak om samarbeidsavtale, representantskap m.m.
3. Rådmennene/fylkesrådmannen i dei deltakande kommunane får fullmakt til å organisere eit hovudprosjekt for etablering av «Kraftkompetanse KO». Kviteseid kommune skal medverke til finansieringa av hovudprosjektet i høve til sin fastsette eigarandel/deltakaransvar. Rådmannen/fylkesrådmannen får fullmakt til å godkjenne finansieringsplanen for hovudprosjektet.

PS 55/18 Samarbeidsavtale NAV Vest-Telemark**Rådmannen si tilråding:**

Samarbeids-/vertskommuneavtale mellom kommunane Seljord, Vinje, Kviteseid, Nissedal og Tokke om felles NAV-kontor, vert godkjent som den ligg føre.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.10.2018**Behandling i møtet:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Samarbeids-/vertskommuneavtale mellom kommunane Seljord, Vinje, Kviteseid, Nissedal og Tokke om felles NAV-kontor, vert godkjent som den ligg føre.

PS 56/18 Selskapsavtale Sør-Øst 110 IKS**Rådmannen si tilråding:**

1. Kviteseid kommune blir deltaker i Sør-Øst 110 IKS og dekker sin andel av kostnader for etablering og drift av 110-sentralen samt skyter inn sin andel av egenkapital i selskapet.
2. Kommunestyret vedtar selskapsavtalen for Sør-Øst 110 IKS.
3. Kommunestyret legger myndigheten til å treffe vedtak etter brann- og eksplosjonsvernlovens § 16 vedrørende nødalarmringssentral, med de til enhver tid gjeldende forskrifter, til representantskapet i Sør-Øst 110 IKS, der loven selv ikke er til hinder for det.
4. For inneværende kommunestyreperiode oppnevnes Tarjei Gjelstad til representantskapsmedlem og Tarjei Draugedal til varerepresentant i Sør-Øst 110 IKS.

Oppnevningene gjøres deretter for hver kommunestyreperiode.

5. Det bevilges 33.600 kr. (tilsvarende 14 kr. pr. innbygger) som andel av egenkapitaltilskudd og inntil 31.200 kr. (tilsvarende inntil 13 kr. pr. innbygger til drift for oktober-desember 2018 og inntil 8,400 kr (tilsvarende 3,50 kr. pr. innbygger) til dekning av etableringskostnader). Kostnadene dekkes i ramma til samfunnsutvikling og teknisk drift. Den videre årlige driftskostnaden innarbeides i økonomiplanen og budsjett for 2019.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.10.2018

Behandling i møtet:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

1. Kviteseid kommune blir deltaker i Sør-Øst 110 IKS og dekker sin andel av kostnader for etablering og drift av 110-sentralen samt skyter inn sin andel av egenkapital i selskapet.
2. Kommunestyret vedtar selskapsavtalen for Sør-Øst 110 IKS.
3. Kommunestyret legger myndigheten til å treffe vedtak etter brann- og eksplosjonsvernlovens § 16 vedrørende nødalarmingsentral, med de til enhver tid gjeldende forskrifter, til representantskapet i Sør-Øst 110 IKS, der loven selv ikke er til hinder for det.
4. For inneværende kommunestyreperiode oppnevnes Tarjei Gjelstad til representantskapsmedlem og Tarjei Draugedal til varerepresentant i Sør-Øst 110 IKS. Oppnevningene gjøres deretter for hver kommunestyreperiode.
5. Det bevilges 33.600 kr. (tilsvarende 14 kr. pr. innbygger) som andel av egenkapitaltilskudd og inntil 31.200 kr. (tilsvarende inntil 13 kr. pr. innbygger til drift for oktober-desember 2018 og inntil 8,400 kr (tilsvarende 3,50 kr. pr. innbygger) til dekning av etableringskostnader). Kostnadene dekkes i ramma til samfunnsutvikling og teknisk drift. Den videre årlige driftskostnaden innarbeides i økonomiplanen og budsjett for 2019.

PS 57/18 Tiltak for auka sykkelbruk i kommunar - 2018

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet vedtek framlagte plan for etablering av sykkelparkering og kommunens eigenandel blir lagt inn i revidera budsjett.

Kommunen sin eigendel vert finansiert med kroner 132.500,- som vert å hente frå fritt næringsfond.

Før løyving: 621 271,-

Etter løyving: 488 771,-

Saksprotokoll i Formannskapet - 27.09.2018

Behandling i møtet:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Formannskapet vedtek framlagte plan for etablering av sykkelparkering og kommunens eigenandel blir lagt inn i revidera budsjett.

Kommunen sin eigendel vert finansiert med kroner 132.500,- som vert å hente frå fritt næringsfond.

Før løyving: 618 381,-

Etter løyving: 485 881,-

Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.10.2018**Behandling i møtet:**

Vedteken som formannskapet sitt framlegg.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek framlagte plan for etablering av sykkelparkering og kommunens eigenandel blir lagt inn i revidera budsjett.

Kommunen sin eigendel vert finansiert med kroner 132.500,- som vert å hente frå fritt næringsfond.

Før løyving: 618 381,-

Etter løyving: 485 881,-

PS 58/18 Budsjettrevisjon 2.tertial 2018 - drift og investering**Rådmannen si tilråding:**

Mindreforbruk i drifta etter 2. tertials revisjon på kr 1.513.552 setjast av til det ordinære disposisjonsfondet. Samtidig brukast det kr 150.000,- frå disposisjonsfond flyktningar. Slik at netto styrking av disposisjonsfonda er kr 1.363.552,-.

Rådmann får fullmakt til å låne opptil kr 17.534.000 (i tillegg til startlån kr 750.000,-) til investeringsformål i samsvar med vedlagt investeringskjema 2A.

Budsjett 2018 vert endra i tråd med budsjettkjema 1A og 1B og investeringskjema 2A. Dette i samsvar med detaljendringar i vedlagte oversikter.

Saksprotokoll i Formannskapet - 27.09.2018**Behandling i møtet:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Mindreforbruk i drifta etter 2. tertials revisjon på kr 1.513.552 setjast av til det ordinære disposisjonsfondet. Samtidig brukast det kr 150.000,- frå disposisjonsfond flyktningar. Slik at netto styrking av disposisjonsfonda er kr 1.363.552,-.

Rådmann får fullmakt til å låne opptil kr 17.534.000 (i tillegg til startlån kr 750.000,-) til investeringsformål i samsvar med vedlagt investerings skjema 2A.

Budsjett 2018 vert endra i tråd med budsjett skjema 1A og 1B og investerings skjema 2A. Dette i samsvar med detaljendringar i vedlagte oversikter.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.10.2018**Behandling i møtet:**

Rådmannen kom med følgende endringsframlegg: Endring prosjekt utbygging Midtsundtoppen: Vedteken budsjettsum: 1.105.000,- inkl mva

Ny kalkyle: 2.000.000,- inkl.mva. Meirkostnad: 895.000,-. Finansiering: Mva av 895.000,- = 179.000,- Tilskot Husbanken: 400.000,-. Bruk av øyremerkt fond: 316.000,-

Votering: Formannskapet si tilråding, med tillegg frå rådmannen vart samrøystes vedtekne.

Vedtak:

Mindreforbruk i drifta etter 2. tertials revisjon på kr 1.513.552 setjast av til det ordinære disposisjonsfondet. Samtidig brukast det kr 150.000,- frå disposisjonsfond flyktningar. Slik at netto styrking av disposisjonsfonda er kr 1.363.552,-.

Rådmann får fullmakt til å låne opptil kr 17.534.000 (i tillegg til startlån kr 750.000,-) til investeringsformål i samsvar med vedlagt investerings skjema 2A.

Budsjett 2018 vert endra i tråd med budsjett skjema 1A og 1B og investerings skjema 2A. Dette i samsvar med detaljendringar i vedlagte oversikter.

Endring prosjekt utbygging Midtsundtoppen: Vedteken budsjettsum: 1.105.000,- inkl mva

Ny kalkyle: 2.000.000,- inkl.mva. Meirkostnad: 895.000,-. Finansiering: Mva av 895.000,- = 179.000,- Tilskot Husbanken: 400.000,-. Bruk av øyremerkt fond: 316.000,-

PS 59/18 Evaluering av politisk organisering - 2018 - Framlegg til ny politisk organisering**Ordføraren si tilråding:**

- Kommunestyre på 17 medlemmer
- Formannskap på sju medlemmer
- Ingen hovudutval
- Kommunestyret endrar møtetidspunkt til kl. 17.30. (gruppemøter frå kl. 16.30). Ingen endring i formannskapsmøtetidspunkta.

Endringane skjer ved ny kommunestyreperiode etter kommunevalet 2019

Reglement for godtgjersle for folkevalde i Kviteseid kommune vert vedteke i tråd med framlagte vedlegg.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.10.2018

Behandling i møtet:

Endringsframlegg frå Tore Åsland på vegne av AP, KRF og V. Reglement for godtgjerlse for folkevalde i Kviteseid kommune: 2.3 Kontrollutval: Medlemmene i kontrollutvalet får 0,2% av ordførarløn inkl. reisetid.

Endringframlegg frå Tarjei Draugedal, KRF: Antall kommunestyremedlemmer blir 21 stk. Ellers som framlegg.

Votering: Framlegget frå Tore Åsland vart vedteken mot 1 røyst. Framlegget frå Tarjei Draugedal fall med 9 røyster, 12 røyster for ordføraren sitt framlegg.

Ordføraren sitt framlegg med endringane ovanfor vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

- Kommunestyre på 17 medlemmer
- Formannskap på sju medlemmer
- Ingen hovudutval
- Kommunestyret endrar møtetidspunkt til kl. 17.30. (gruppemøter frå kl. 16.30). Ingen endring i formannskapsmøtetidspunkta.

Endringane skjer ved ny kommunestyreperiode etter kommunevalet 2019

Reglement for godtgjerlse for folkevalde i Kviteseid kommune vert vedteke i tråd med framlagte vedlegg, med følgjande endring; Reglement for godtgjerlse for folkevalde i Kviteseid kommune: 2.3 Kontrollutval: Medlemmene i kontrollutvalet får 0,2% av ordførarløn inkl. reisetid.

PS 60/18 Tilskot til TV-produksjon kring skisporten i Telemark

Rådmannen si tilråding:

Kviteseid kommune løyver kr. 50 000,- til forprosjektet for avklare mogelegheitene for ein større TV-produksjon. Føresetnad for løyvinga er at forprosjektet vert fullfinansiert.

Midlane vert tatt frå næringsfondet 147026/4302/3250. Saldo på fondet etter utbetalinga er 593.000,-

Ordførar Tarjei Gjelstad bli kommunens representant inn i arbeidsgruppa.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.10.2018

Behandling i møtet:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Kviteseid kommune løyver kr. 50 000,- til forprosjektet for avklare mogelegheitene for ein større TV-produksjon. Føresetnad for løyvinga er at forprosjektet vert fullfinansiert. Midlane vert tatt frå næringsfondet 147026/4302/3250. Saldo på fondet etter utbetalinga er 593.000,-

Ordførar Tarjei Gjelstad bli kommunens representant inn i arbeidsgruppa.